



Statens vegvesen

BKK Nett AS
Kokstadvegen 37
5257 KOKSTAD

Eirik Brakvatne Mjelde

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
19/105130-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
13.06.2019

Uttale – Dispensasjon – Ny nettstasjon – E39 – gnr. 217 bnr. 3 – Lindås kommune

Statens vegvesen viser til søknad mottatt 10.05.2019.

Kva saka gjeld:

Søknaden gjeld løyve til å oppføre ny nettstasjon innanfor byggjegrænse til E39. Det er søkt om tiltak 10 meter frå vegmidte jf. søknad.

Arealet som er omsøkt er regulert gjennom godkjent reguleringsplan *E39 Eikefet – Romarheim (2014)*. Før vi kan behandle ein søknad om dispensasjon frå byggjegrænse må Lindås kommune som rett planmynde vurdere om det vert gjeve dispensasjon etter plan og bygningslova (pbl.) frå arealføremålet i godkjent plan. Statens vegvesen har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde jf. pbl. §. Vi har og klagerett i slike saker.

Uttale til søknad om dispensasjon etter plan og bygningslova:

Det er søkt om å oppføre ny nettstasjon på gnr. 217 bnr. I Lindås kommune. Tiltaket ligg langs E39 i Romarheimsdalen. Fartsgrensa på staden er 80 km/t og årsdøgertrafikk er 2160 ÅDT. E39 er klassifisert til haldningsklasse 1 (svært streng) jf. *Rammeplan for avkøyrslar med strekningsvis vurdering av haldning til byggjegrænser for riks- og fylkesveg i Region vest (2017 – 2020)*.

Søknaden er grunngeve med at det ikkje er mogleg å byggje i samsvar med gjeldande byggjegrænse på grunn av utforming av terreng, og at det er valt ein plassering som er føremålstjeneleg i høve til eksisterande høgspennmast. Det er eit naudsynt tiltak for å forbetre forsyningstryggleiken i området.

Omsøkte areal er regulert gjennom godkjent reguleringsplan som skal sikre framføring av ny tunell mellom Eikefet og Romarheim. Arealet er avsett til *anna veggrunn* samt *landbruk, natur*


Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

og friluftsføremål med omsynssone (rigg og anleggsområde). Tiltaket er plassert innanfor byggjegrænse til veg og innanfor tryggleikssona til veggen.



Del av E39 Eikefet - Romarheim (2014) med omtrentleg plassering av ny nettstasjon.

Statens vegvesen kan ikkje akseptere omsøkte plassering. Farlege sidehindre kan ikkje plasserast i tryggleikssona til veggen. Bakgrunnen for dette er tryggleiken for trafikantane ved til dømes utforkøyring. Andre moment er at det er kostnadskrevjande å flytte nettstasjonar ut av vegen sitt sideområde ved ei eventuell framføring / utbetring av E39. Med bakgrunn i at det er eit område som er regulert til vegføremål gjennom ny plan ber vi om at nettstasjonen vert plassert aust for høgspentmast og helst utanfor planområdet.

Sluttord:

Statens vegvesen ber BKK vurdere ny plassering av ny nettstasjon. Nettstasjonen må flyttast utanfor tryggleikssona til veggen. Vi tilrår ein stad aust for eksisterande høgspent, helst utanfor planområdet til E39 Eikefet - Romarheim.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Tone Bøyum
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ